

VEDTEKTER

FOR INDRE SUNNFJORD TURLAG (IST)

Vedtekne på årsmøte i Indre Sunnfjord Turlag 01.12.1995,

endra 05.12.1999 (ny § 4- He)

endra 25.11.2001 (§4, 1.avsnitt)

endra 20.11.2005 (ny § 4 H- f)

endra 19.11.2006 (§ 4- G og § 4- H c)

endra 25.11.2007 (§ 4-H e)

endra 29.11.2013 (§ 4-H e)

endra 11.11.2017 (§9 § 4-H g)

endra 28.11.2019 (§2 og 4-Ha)

endra 19.11.21 (§4 -H og §6)

endra 19.09.23 (§ 4 og § 9)

§ 1. FØREMÅL

Laget har som føremål å arbeide for eit enkelt, aktivt, sikkert og naturvennleg friluftsliv.

§ 2. INTERESSEOMRÅDE

Indre Sunnfjord Turlag (IST) er eit lokallag i DNT Sogn og Fjordane som er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT). IST dekkjer, etter avtale med DNT Sogn og Fjordane, kommunane Sunnfjord, Askvoll, Fjaler

§ 3. ARBEIDSOPPGÅVER

IST sine hovudarbeidsoppgåver er:

- Skipe til varierte turar, sommar som vinter, og presentere turane i eit årleg turprogram.
- Varde og merkje ruter, lage turkart og brosjyrar innanfor eige interesseområde.
- Gje uttaler i naturforvaltningssaker i dei aktuelle medlemskommunane, og når det er liknande saker i tilgrensande område med konsekvensar for IST sitt interesseområde.
- Ta vare på og forvalte fast eigedom (hytter) på ein forsvarleg måte.

4. ÅRSMØTE

Årsmøte er laget sitt høgste organ, og vert halde årleg innan utgangen av februar månad.

Årsmøtet skal kunngjerast med minst 4 vekers varsel. Saker som medlemmane vil ha opp på årsmøtet må vere styret i hende minst 2 veker før årsmøtet. Røysterett på årsmøtet har alle medlemmane som har betalt kontingent for inneverande år. Medlemer som har fylt eller fyller 15 år i valåret, kan veljast inn i hovudstyret.

Årsmøtet skal:

- A) Godkjenne innkalling og sakliste
- B) Velje ordstyrar og skrivar
- C) Velje to til å skrive under årsmøteprotokollen
- D) Godkjenne årsmelding
- E) Godkjenne rekneskap
- F) Handsame arbeidsplan og budsjett
- G) Handsame innkomne saker.
- H) Velje styre, nemnder, o.l. slik:

Leiar vert vald for 1 år og to styremedlemmer for 2 år. Øvrige medlemmer av hovudstyret er til ein kvar tid valde leiarar i bre- og fjellsportgruppa, Barnas turlag, IST Ung, seniorgruppa, hyttestyre, sti- og merkeutval. Til saman 9 styremedlemmer.

Årsmøte vel medlemmer til gruppene slik:

- a) Bregruppe på 4 medlemmer slik at 2 og 2 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert valt av årsmøtet for 2 år, 1 varamedlem vert valt for 1 år.
- b) Hyttestyret skal vere på 5 medlemer, vekselvis 2 og 3 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert valt av årsmøtet for 2 år, 1 varamedlem vert valdtfor 1 år.
- c) Ungdomsgruppe på 4 medlemmer slik at 2 og 2 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert valt av årsmøtet for 1 år, 1 varamedlem vert valt for 1 år.
- e) Barnas Turlag skal ha 6 styremedlemer, slik at 3 og 3 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert valt av årsmøtet for 2 år, 1 varamedlem vert valt for 1 år.
- f) Seniorgruppa skal ha 4 styremedlemer, slik at 2 og 2 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert valt av årsmøtet for 2 år, 1 varamedlem vert valt for 1 år.
- g) Sti- og merkeutval med 5 medlemmer som vert valte for to år. Vekslesvis 2 og 3 er på val kvart år. Årsmøte vel leiar og nestleiar for to år.

Velje 2 utsendingar med 2 vararepresentantar til årsmøte i DNT Sogn og Fjordane

Velje 2 revisorar for 1 år.

Velje valnemnd på 3 medlemmer der ein er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar.

§ 5. MEDLEMSKONTINGENT

Medlemskontingenten vert fastsett av DNT.

§ 6. STYRET SINE OPPGÅVER

Styret er laget sitt høgste organ mellom to årsmøte, og skal leie arbeidet i laget i tråd med føremål, arbeidsoppgåver, arbeidsplan og budsjett. Styret skal snarast mogleg etter årsmøtet konstituere seg og velje nestleiar, kasserar og sekretær. Styret kan oppnemne nemnder for løysing av konkrete oppgåver.

§ 7. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Dersom styret eller minst 25 medlemmer krev det, skal det kallast saman til ekstraordinært årsmøte. Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Ekstraordinært årsmøte skal berre handsame den saka (dei sakene) som er grunnlag for møtet, og som er nemnd i innkallinga.

§ 8. VEDTEKTSENDRING

Endringar i desse vedtektene kan gjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal. For endring av § 1 vert det kravd 3/4 fleirtal, og vidare at vedtaket må takast opp att med same fleirtal på eit etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare.

§ 9. FULLMAKTER

Leiar og eit styremedlem har signaturrett i fellesskap.

§ 10. HEIDERSMEDLEMSSKAP

Heidersmedlemsskap i IST kan tildelast personar som har gjort eit særleg stort og omfattande arbeid for laget. Styret vert tillagt retten til å gje slikt heidersmedlemsskap.

§ 11. OPPLØYSING

Oppløysing av IST krev 3/4 fleirtal, og må takast opp att med same fleirtal på eit

etterfølgjande ekstraordinært årsmøte som vert halde minst 4 veker seinare. Ved evt. oppløysing av IST skal laget si eige gå til DNT Sogn og Fjordane.